



ÅRSMELDING 2021

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre





Innhald

Føremål	2
Føremålet til Opplæringskontoret er på vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, å legge til rette opplæring for lærlingar og lærekandidatar i tråd med Opplæringslova.	2
Administrasjon.....	2
Styresamansetting 2021	0
Saker som styret har handsama/blitt orientert om i 2021	1
Likestilling	1
Arbeidsmiljø.....	1
Forureining	2
Økonomi, rekneskap og årsresultat.....	0
Disponering av overskot/dekking av underskot.....	0
Vidare drift	0
Lærlingar knytt til Opplæringskontoret pr. 01.01.21	1
Oversikt over tilskot gjennom året 2021	2
Resultat av fagprøver i 2021.....	3
Løpet av året 2021 vart 56 opp meldt til fagprøve.....	3
Hevingar	3
Lærlingar knytt til Opplæringskontoret pr. 31.12.21	4
Medlemsbedrifter og lærlingar i 2021.....	5
Kurs og samlingar for instruktørar	7
Rekruttering	8
Digitale lærebøker	8
Kvalitetssikring.....	8
Lærling – Lærebedrift undersøkinga	8
Profilering.....	0
Vidaregåande skule	0
Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.....	0
Avslutningsvis	0

Føremål

Føremålet til Opplæringskontoret er på vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, å legge til rette opplæring for lærlingar og lære kandidatlar i tråd med Opplæringslova.

Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag. Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet. Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsstaden. Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

Administrasjon

Anne-Mari Pilskog er dagleg leiar. Ho er tilsett i 100 % stilling.

Yvonne Sjøstad opplæringskonsulent, tilsett i 70% stilling. 01.08.2021 starta Julianne Nettet Kvalsund i vikariat for Yvonne Sjøstad som gjekk ut i svangerskapspermisjon 1. oktober.



Kontoret leiger lokale med Ulshav AS i Ulsteinvik.

Opplæringskontoret brukar Nordea som bankforbindelse og Herøy Kommune fører rekneskap.

Revisjon vert utført av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide.

Styresamansetting 2021

Styret i 2021 bestod av eitt medlem frå kvar kommune med personleg vara, ein frå dei private medlemsbedriftene med vara, og ein frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara. Lærlingane hadde ein representant med vara. Lærlingrepresentanten vart valt for eit år. Lærlingen har tale- og forlagsrett, men ikkje stemmerett.

Utdanningsavdelinga vert kalla inn til alle styremøte og årsmøtet. Dei har tale- og forlagsrett, men ikkje stemmerett.

Styret har i 2021 hatt to fysiske styremøte og eit styremøte på Teams. Årsmøte for 2021 vart gjennomført digitalt på Teams 23 mars.

Samansetting av styret i 2021.

Styreleiar:	Martin Løseth	Dei private medlemsbedriftene
Vara:	Kari Sundgot	

Nestleiar:	Berit Lyngstad	Volda kommune
Vara:	Birgitte Sævik Pedersen	

Styremedlem:	Cato Hansrud	Ulstein kommune
Vara:	Renate Vågen	

Styremedlem:	Wenche Thorseth	Sande kommune
Vara:	Else Skoge	

Styremedlem:	Rose Marie Thunem Nygård	Vanylven kommune
Vara:	Janita Nybø	

Styremedlem:	Elisabeth Warpe	Herøy kommune
Vara:	Johanne Leine Sævik	

Styremedlem:	Viviann Johansen	Hareid kommune
Vara:	Mariann Båtnes	

Styremedlem:	Kari Flø	Ørsta kommune
Vara:	Hilde Flotve Moe	

Styremedlem:	Maria Mork Blindheim	Lærlingrepresentant
--------------	----------------------	---------------------

Styremedlem:	Hilde Ringen Hofseth	Fagforbundet
Vara:	Eli Karin Kvalsund	

Saker som styret har handsama/blitt orientert om i 2021

Rekruttering /inntak av lærlingar

Nye medlemsbedrifter

Status, økonomi og anna dagleg drift

Disponering av overskot

Samlingar for lærlingar

Ørsta kommune

Ny opplæringslov

Kompetansehevingsmidlar

Tilsetting av vikar for Yvonne Sjøstad

Generell informasjon om Opplæringskontoret

Likestilling

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Opplæringskontoret arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vårt arbeid med å sikre eit godt opplæringstilbod til ungdommar.

I styret er det åtte kvinner og to menn, alle varamedlemmar er kvinner.

Det er ei oppgåve for valnemnda og årsmøtet å få ein betre kjønnsbalanse i styret.

Arbeidsmiljø

Det er i perioden ikkje registrert yrkesskade eller uhell som har ført til skade. Sjukefråværet har i perioden vore lågt.

Det fysiske arbeidsmiljøet er vurdert som trygt.

Personalreglement for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret. Styret har arbeidsgivaransvar for dagleg leiar, mens dagleg leiar har overordna ansvar for dei andre tilsette.

Forureining

Gjennom den daglege drifta av Opplæringskontoret, blir det ikkje registeret noko forureining.

Sidan Opplæringskontoret har fleire medlemsbedrifter som ligg i andre kommunar enn der Opplæringskontoret leiger kontorlokale brukar ein bil for å kome seg til.

Dagleg leiar Anne-Mari har elbil og Opplæringskonsulent Julianne N Kvalsund har hybrid bil.

Utifrå målsettinga til Opplæringskontoret med å vere tilgjengeleg for både lærling, instruktør og lærebedrift, er det uråd å ikkje må bruke bil, for å kunne flytte seg mellom lærebedriftene.

I den store samanheng er ikkje dette noko som ein vurderer som ein risiko

Økonomi, rekneskap og årsresultat

Herøy kommune har ansvaret for føring av rekneskapen til Opplæringskontoret.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjonen for Opplæringskontoret.

Økonomien til kontoret har vore stabil god dei siste åra

På årsmøtet i 2020 vart det vedtatt at ein skulle ha ei overføring på 25.000 kr pr. halvår pr. lærling til lærebedriftene.

Årsrekneskapen viser følgjande :	<u>20201</u>	<u>2020</u>
<i>Driftsinntekter</i>	<i>kr 7341332</i>	<i>6274708</i>
<i>Driftsutgifter</i>	<i>kr 6767993</i>	<i>5148050</i>
<i>Brutto driftsresultat</i>	<i>kr 573339</i>	<i>1126658</i>
<i>Renteinntekter</i>	<i>kr 0</i>	<i>366</i>
<i>Netto driftsresultat/årsresultat</i>	<i>kr 573339</i>	<i>1127024</i>
<i>Omløpsmidlar (bank og fordringar)</i>	<i>kr 4826289</i>	<i>4261814</i>
<i>Kortsiktig gjeld</i>	<i>kr 234 117</i>	<i>252121</i>
<i>Langsiktig gjeld</i>	<i>kr 0</i>	<i>0</i>
<i>Eigenkapital</i>	<i>kr 4592172</i>	<i>4017898</i>

I 2021 vart tilskotet utbetalt til lærebedriftene to gongar i året, vår og haust.

Våren 2021 vart det utbetalt eit ekstra korona tillegg på kr 4250 pr lærling.

Med ekstra tilskotet og overføringa på kr 25000 vart det ei utbetaling på Kr 2 509 624,- i tilskot våren 2021 til medlemsbedriftene.

Hausten vart det utbetalt kr 2 156 974,- til medlemsbedriftene som hadde lærling i perioden 01.07.21-31.12.21

Disponering av overskot/dekking av underskot

Opplæringskontoret fekk eit overskot på kroner 662 842 52,- i 2021

Ørsta kommune kom inn som medlemsbedrift hausten 2021, det resulterte i at vi fekk eit høgare lærlingtal enn budsjettet.

Vi hadde også eit lågare aktivitetsnivå, når det gjelder samlingar og kurs både for lærlingar og for tilsette. Dette grunna koronarestriksjonar.

Styret vil tilrå at overskotet pålydande kroner 662 842 52,- blir overført til disposisjonsfondet.

Vidare drift

Økonomien til Opplæringskontoret er basert på tilskot frå fylkeskommunen i Møre og Romsdal, og ut frå kor mange lærlingar vi har.

Kontoret er i positiv utvikling. Med auka tal på lærlingar og medlemsbedrifter, Er det eit godt grunnlag til vidare drift til stades og det er ingen signal om endring av drifta.

Lærlingar knytt til Opplæringskontoret pr. 01.01.21

Lærefag	Kommune/bedrift	Kontrakt	Merknad
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Hareid kommune	2	
	Ulstein kommune	6	
	Vanylven kommune	3	
	Herøy Kommune	3	
	Sande kommune	0	
	Volda kommune	7	
	Solsikka barnehage	1	
	Brandal friskule	0	
	Vikemarka bh	1	
	Troll-myra	1	
	Tryggheim barnehage	0	
	Høddvoll barnehage	0	
	Blåtiden bh	0	
	Møre barne og Ungdomsskule	1	
	Sum	25	
Helsearbeidarfaget	Hareid kommune	9	
	Ulstein kommune	11	
	Herøy kommune	7	
	Sande kommune	4	
	Volda kommune	11	
	Vanylven kommune	13	
	Sum	55	
Institusjonskokkfaget	Hareid kommune	0	
	Ulstein kommune	1	
	Sande kommune	0	
	Volda kommune	3	
	Herøy kommune	1	
	Vanylven kommune	0	
	Sunnmøre folkehøgskule	2	
	Sum	7	
Gjenvinningsfaget	SSR	1	
IKT- servicefaget	IO Ulsteinvik as	1	
	Atea as.	1	
	Total sum	90	

Oversikt over tilskot gjennom året 2021

Gjennom året 2021 har Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre behandla 160 kontraktar. Desse kontraktane er både Basistilskot 1 og Basistilskot 2 kontraktar.

Basistilskot 1

Tilskot til lærebedrifter som signerer lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 4-5. Basistilskot 1 for 2021 er på 167 407,- kroner pr. lærling, praksisbrevkandidat eller lærekandidat for eitt år med fulltidsopplæring.

Det vert ikkje ytt tilskot for verdiskapingsdelen, men tilskotet fordelast jamt over heile læretida i bedrift, dvs. også for verdiskapingsdelen. Kontrakten gjer tilskotsberekningar frå den dato læreforholdet tek til.

Basistilskot 2

Tilskot til bedrifter som signerer lærekontraktar etter opplæringslova § 4-5 tredje ledd, og for lærekontraktar signert av lærlingar som tidlegare har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring.

Satsen for basistilskot 2 for lærekontraktar er kr 5452,- per lærling per måned i heile læretida i bedrift, totalt 65 421 kr. Eit år vert rekna som 12 månader. I denne ordninga er det ikkje skilnad på opplæringstid og verdiskapingstid.

For 01.01.2021 til 30.06.2021 vart det gitt eit ekstra tillegg på totalt 4 250 kroner pr. kontrakt. 708 kr pr måned. Av lærlingar, avslutta 59 læreforholdet sitt i løpet av 2021.


Fire lærekontraktar vart heva i løpet av 2021.

55 har avslutta med fagprøve

Medan det vart signert 54 nye lærekontraktar i 2021.

47 av dei er inn i sitt første og andre læreår, dei avsluttar læretida i løpet av 2022.

Nye kontraktar dei siste 15 åra



Resultat av fagprøver i 2021



Året 2021 har vore spesielt i forhold til resultat på gjennomførte fagprøver.

Av 56 oppmeldte kandidatar har ni kandidatar fått bestått «meget godt», 28 fekk resultat «bestått» og 18 fekk «ikkje bestått».

Det er høg prosent med stryk. Vi har ulike teoriar på kvifor året 2021 har gitt slike resultat.

Vi ser det er en trend i hele fylket nå. Dette kan også være en samanheng med felles kursing av prøvenemndene i fylke, og at det har blitt større fokus på å knyte teori opp til praksis som bli gi økt kvalitet på fagarbeidaren.

[løpet av året 2021 vart 56 opp meldt til fagprøve.](#)

Lærefaga	Oppmeldte	Resultat
Barne- og ungdomsarbeidarfaget Helsearbeidarfaget Institusjonskokkfaget	56	9 fekk Bestått meget godt 28 fekk Bestått 18 fekk ikkje bestått

Hevingar

I løpet av 2021 har vi heva 4 lærekontraktar. Det er likt tal som for året 2020.

Hevingane blitt gjort på grunnlag av helsesituasjon til kandidat eller ønskje frå kandidat

Få hevingar innebere at ein må arbeide meir med ein del enkeltsaker. Bedriftene gjer ein god jobb med tilrettelegging for den enkelte lærling, slik at dei kjem seg gjennom læretida på ein god måte. Det har vore fleire lærlingar med avbrot i læretida og ein del lærlingar med langtidssjukemeldingar. I nokre høver har vi endra stillingsprosenten for lærlingane, dette har vore gode løysingar for den enkelte.

Helsefagutdanning for minoritetsspråklege kandidatar.

Hausten 2019 starte det opp to pilotprosjekt for minoritetsspråklege kandidatar som skal utdanne seg som helsefagarbeidarar. Pilotprosjektet som hadde to klasser, 10 stykk ved Vanylven vgs. og 9 stykk ved Herøy vgs. Dei gjennomførte to år på skule med ein del praksis gjennom skuleåra.

Dette var eit samarbeid mellom vaksenopplæringa på fylket, NAV kontora på søre Sunnmøre og kommunane på søre. Opplæringskontoret har heile vegen våre informert om at desse kandidatane skulle inn som lærlingar hausten 2020. Avtalen som låg i dette pilotprosjektet var at kandidatane skulle ha ei læretid på eit år.

Erfaringar som kom gjennom læretida var at der var ein faglege svake og der var ein del utfordringar i forhold til språk. Mange av kandidatane fekk i løpet av dei første 6 månadane tilbod om å forlenge læretida med seks månader.

Dette tilbodet var det berre fire som takka ja det. Våren 2021 vart dei kandidaten som ikkje hadde takka ja til lengre læretid opp meldt til fagprøve. Av 19 kandidatar var det 12 kandidatar som ikkje fekk bestått på fagprøva si i 2021. Opplæringskontoret har ansvar for ei ny oppmelding av kandidatane.

Lærlingar knytt til Opplæringskontoret pr. 31.12.21

Lærefag	Kommune/bedrift	Kontrakt	Merknad
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Hareid kommune	4	
	Ulstein kommune	3	
	Vanylven kommune	1	
	Herøy Kommune	3	
	Sande kommune	0	
	Volda kommune	6	
	Ørsta kommune	7	
	Solsikka barnehage	0	
	Troll- Myra	1	
	Vikemarka bh	1	
	Øyra barnehage	1	
	Tryggheim barnehage	1	
	Høddvoll barnehage	0	
	Brandal friskule	0	
	Åmås friskule	1	
	Sum	29	
Helsearbeidarfaget	Hareid kommune	5	
	Ulstein kommune	7	
	Herøy kommune	7	
	Sande kommune	4	
	Volda kommune	9	
	Vanylven kommune	5	
	Ørsta kommune	14	
	Sum	51	
Institusjonskokkfaget	Hareid kommune	1	
	Ulstein kommune	0	
	Sande kommune	0	

	Volda kommune	3	
	Herøy kommune	0	
	Vanylven kommune	0	
	Ørsta kommune	1	
	Sunnmøre folkehøgskule	1	
	Sum	6	
Gjenvinningsfaget	SSR	1	
Logistikkfaget	Byggtorget Herøy	1	
IKT- servicefaget	SSIKT	1	
	IO Ulsteinvik as	1	
	Total sum	90	


Medlemsbedrifter og lærlingar i 2021

Pr. 31.12.21 er der 15 aktive medlemsbedrifter og 90 aktive lærlingar i Opplæringskontoret.

Opplæringskontoret har pr. 31.12.2021 26 medlemsbedrifter.

Opplæringskontoret fekk 4 nye medlemsbedrifter i 2021, Ørsta kommune, Åmås friskule, Øyra barnehage i Volda og Byggtorget i Herøy.

Opplæringskontoret har gjennom sine lærebedrifter godkjenning av ni ulike lærefag.



Kurs og samlingar for lærlingar

Sidan året 2021 også vart spesielt i forhold til Covid -19 så har vi ikkje kunne gjennomført dei samlingane og kurs som vi hadde tenkt . På våren gjennomførte vi alle kurs via teams. I august fekk vi til ei samling for alle nye lærlingane vår. 9 juni og 16 juni hadde vi sommaravslutting for alle lærlingane våre. 9 juni var vi på Kjeldsund og 16 juni var vi på Hakallegarden . Vi delta opp lærlinggruppa i to , dei som hadde vore med i pilotprosjektet for minoritetspråklege var på Hakallegarden.

Og vi fekk gjennomføre ei samling for alle lærlinganes i barn og ungdomsarbeidarfaget. Den samlinga vart også delt, Ørsta og Volda lærlingane møttest i Ørsta og Hareid, Ulstein, Herøy og Vanylven møttest i Myrvåg.

Opplæringskontoret ønskjer å til rette legge ulike kurs og samlingar for lærlingane.

Det betyr at enkelte kurs blir arrangerast annakvart år. Nokre samlingar er for alle lærlingane i tillegg til samlingar for faggruppene.

Nokre samlingar og kurs er knytt til den enkelt kommune/bedrift. Informasjon om eigen kommune/bedrift, og arbeidsmiljølova kan vere aktuelle tema på desse kursa.

Arbeidssamling er noko som blir fokusert på, dette for å auke kompetansen til lærlingane på teori og kartlegge så tidleg som råd eventuelle hol i teorikunnskapen.

Dette kjem i tillegg til bedrift og lærlingbesøk ute på arbeidsplassane.

Opplæringskontoret har også gjennomført lærlingbesøk i løpet av året. Dei er planlagde besøk som skulle gjennomførast våren 2021 gjekk dessverre ut. Men vi klarte å gjennomførte besøk til alle lærlingane på haust før det kom nye restriksjonar.

Gjennom året blir det også ulike møter og besøk som vi ikkje har planlagde, det kan gjelde møte med NAV, skular, prøvenemnd, instruktørar og fagleg leiarar i bedriftene.



Kurs og samlingar for instruktørar

Kompetansehevingsmidlar

I 2020 søkte Opplæringskontoret om kompetansehevingsmidlar og vi fekk tildelt 100 000 kr desse midlane vart brukt i eit samarbeidsprosjekt med Stine Ekornes. Ho jobbe ved NTNU- Institutt for psykisk helse og ved Høgskulen i Volda og Reidunn Øye som da jobbar hjå BUP I Ålesund.


Kurset vart gjennomført i perioden januar til april.

Deltakarar på kurset var instruktørar i lærebedriftene innan helsearbeidarfaget. 23 instruktørar deltok.

Det vart gjennomførte fire digitale samlingar.

Tema på kursdagane var:

- Psykiske helseutfordringar blant ungdom
- ADHD og elever med tidlegare negative skuleerfaringar
- Rettleiing og empatisk kommunikasjon
- Stress og meistring



Opplæringskontoret søkte også om kompetansehevingsmidlar i 2021 . Vi fekk tildelt kr 30000,- til midlar som omhandlar hospitering for Julianne. Ho skal hospitere på to ulike arenaer. Herøy vidaregåande, der skal ho hospitere i programfaga. Ørsta kommune, saman med Maria Mork som er fagleg leiar for helsefag. Julianne skal bli med på stelle-dagar som Maria arrangerer for lærlingane i helsefag. Dette vil bli gjennomført i 2022.

Instruktørkurs:

8-10 juni og 18 august gjennomførte vi digitalt instruktørkurs.

Tema som vi var innom på kurset var:

- Instruktørar og fagleg leiarar si rolle og oppgåve i fagopplæringa
- Generell informasjon om fagopplæring og mottak av lærlingar
- Rettleiing og tilbakemelding til lærling
- Lærlingens eigentid, tid til dokumentere og liknande
- Avsett tid til rettleiing med instruktør
- Rettleiarens eigentid, tid til gjennomgang i lag lærlingen
- Turnus, kor stor del av vaktene bør lærlingane og rettleiar gå i lag

-
- Informasjon om nye fagfornyning og nye læreplanar
 - Opplæring og oppfrisking i Olkweb (digital lærebok)

Det har også blitt individuell opplæring i OLK-web. Både digitalt og fysiske kurs for dei som ikkje kunne delta på dei oppsette kursdagane.

Rekruttering

Opplæringskontoret har arbeidet med rekruttering på ulike måtar gjennom året. Gjennom sosiale media og på skulebesøk. Vi var innom Stryn vidaregåande, Ørsta vidaregåande, Herøy vidaregåande og Borgund vidaregåande.

Digitale lærebøker

Opplæringslova sett krav at ein skal ha ei intern kvalitetssikring som bidreg til at lærlingen eller lærekandidat får ei opplæring som er i samsvar med gjeldande læreplan og at det blir gitt tilfredsstillande fagleg vurdering gjennom læretida.

Gjennom systemet vil lærlingar, fagleg leiar, rettleiar og Opplæringskontoret ha full oversikt over den faglege utviklinga til lærlingen. Lærlingen registeret sine oppgåver og ber rettleiar om godkjenning av oppgåva (kompetansemåla).

Tilbakemeldingar frå brukarane så langt tyder på at systemet varetar både intern styring og medverknad og kontroll av gjennomført opplæring i kompetansemåla på ein god måte
Vi gjennomførte ogs informasjon ut til elevane på teams.

Kvalitetssikring

Tett oppfølging av lærlingane og instruktørane er viktig for å sikre kvalitet i opplæringa. Læreplanen i faget og arbeidsoppgåvene på den enkelte arbeidsplass legg rammene for innhaldet i opplæringa.

Det er viktig med jamleg vurdering av lærlingen si utvikling i forhold til måla i læreplanen. For at vi skal vere ei god lærebedrift som sikrar eige rekrutteringsgrunnlag og gir lærlingane god opplæring, er det viktig at vi kontinuerleg driv vurdering og ser på korleis vi som lærebedrift planlegge, gjennomfører og evaluerer opplæringa.

Digitale lærebøker gjer at vi lettare kan følge med kvar einskild lærling og bedrift.

Alle lærlingar skal også gjennom året ha rett til to halvårsvurdering etter opplæringslova § 3-1. *Retten til vurdering*. Dette er med å kvalitetssikre opplæringa som blir gitt av medlemsbedriftene.

Opplæringskontoret har også ulike kvalitetssystem som dei må halde seg til. Dette er system som utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har bestemt at vi skal følge.

Opplæringskontoret har også i 2021 gjennomgått dialogmøte med fylke det vart gjennomført digitalt.

Lærling – Lærebedrift undersøkinga

Den årlege undersøkinga gjennomførast i regi av Utdanningsdirektoratet og gir indikasjonar på læresituasjonen i bedrifta sett frå lærlingen og fagleg leiar si side.

Undersøkinga var i perioden 16 oktober til 20 desember 2021.

Lærlingundersøkinga viser at lærlingane har høg trivsel med god eigen innsats. Totalt deltok 26 av 34 lærlingar i målgruppa som er andre-års lærlingar (76,5%)

Når det gjeld lærebedriftsundersøkinga svara 26 av 27 faglege leiarar på bedrift undersøkinga.

Profilering

Opplæringskontert har vore aktiv sosiale media dette året, både på Instagram, Facebook og på nettsida til Opplæringskontoret.

I har i år køyrt to Facebook og Instagram konkurransar

Opplæringskontoret bruker å kjøpe drikkeflasker og handlenett til alle nye lærlingar, det vart også gjort i år.

Vidaregåande skule

Opplæringskontoret i samarbeid med medlemsbedriftene bør prioritere å forsterke samarbeidet med dei vidaregåande skulane i vårt distrikt. Yrkesfagleg fordjuping er den arenaen medlemsbedriftene kan bruke for å rekruttere til dei ulike yrka samfunnet har behov for. Vi har mykje å hente på å skape kontakt med unge som kanskje vil søkje til ledige læreplassar, eller som på anna vis kan vere attraktive som arbeidstakarar. Vi må jobbe med å framsnakke både yrker og arbeidsplassar.

Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune

Vår viktigaste samarbeidspartnar er utdanningsavdeling.

I 2021 vart det ikkje arrangert noko fysiske felles samlingar og møte i regi av utdanningsavdelinga, p.g.a. Covid -19.

Avslutningsvis

2021 vart som 2020 ein annleis år.

Vi hadde tru på at vi i løpet av 2021 skulle gå tilbake til det normale, men den gong ei.

Våren 2021 vart alle samtalar og møte gjennomført digitalt.

Det opna litt opp i juni og vi fekk gjennomførte to sommaravsluttingar på Kjeldsund leirskule og ei samling på Hakallegarden.

På hausten fekk vi besøk alle lærlingane fysisk før det vart nye retningslinjer igjen.

Attendemeldingane seier at vi driv godt, vi er berre ein telefon ifrå både for lærebedrift og lærlingen

Pr 31.12.21 har Opplæringskontoret 90 aktive kontraktar, det er det same talen som i fjor.

Vi har fått Ørsta kommune med på laget, no har vi med alle kommunane på søre Sunnmøre..

Det å få høve til å utvikle Opplæringskontoret og kunne bli kjent med så mange flotte ungdomar og ikkje minst alle dei gode og positive folka i medlemsbedriftene er motivasjon for oss.

Eit godt samarbeid med styret, skulane i regionen, instruktørane og dei mange andre involverte i fagopplæringa er viktig for sikre og heve kompetansen i heile regionen.

Styret og dagleg leiar vil vidareføre det positive arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.

Å ha ei godt fungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering.

Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.

Martin Løset

Styreleiar

Anne-Mari Pilskog

Dagleg leiar